Del II
Omtale av Miljøverndepartementet sine mål og verkemiddel

Innleiing til del II

Innledningen fra her og fram til "Definisjon og avgrensning" under overskriften "Resultatområde 1: Berekraftig bruk og vern…" skal ikkje oppdateres nå. O-avdelingen vil oppdatere teksten i dette området mht ressursbruk på resultatområder, og vi vil selv gi innspill på de korte tekstene om ressursbruken på våre egne res.områder her på tampen av budsjettprosessen.

Tabell 8.1 Miljøverndepartementet sin rekneskap og budsjett fordelt på resultatområde i åra 2001, 2002 og 2003 (i 1000 kr)

Resultatområde	Rekneskap 2001	Saldert budsjett 2002	Budsjettforslag 2003	Endring siste år i %
1. Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald	508 146	532 665	579 557	8,8%
2. Friluftsliv	90 503	85 592	91 633	9,0%
3. Kulturminne og kulturmiljø	198 519	208 998	230 333	10,2%
4. Overgjødsling, oljeforureining og akutte utslepp	337 705	185 728	41 526	-77,5%
5. Helse- og miljøfarlege kjemikal	93 173	123 774	143 454	15,9%
6. Avfall og gjenvinning	354 666	360 201	410 099	13,9%
7. Klimaendringar, luftforureining og støy	191 233	189 540	171 400	-9,6%
8. Internasjonalt miljøvernsamarbeid og miljøvern i polarområda	177 291	342 742	276 889	-19,2%
9. Regional planlegging	71 695	56 899	60 344	6,1%
10 Kart og geodata	270 754	274 271	283 336	3,3%
11. Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver	507 444	503 207	494 796	-1,7%
Sum	2 801 129	2 863 607	2 785 178	-2,7%

Tabell vil bli oppdatert for 2004 av O-avdelingen.

Tabellen viser planlagt disponering av Miljøverndepartementet sitt budsjett innanfor det enkelt resultatområde på tvers av ulike programkategoriar og kapittel. Tabellane inneheld rekneskapstal for 2001 og planlagt disponering av budsjetta for 2002 og 2003. Dei endringane som går fram av tabellen er ikkje berre eit resultat av opp- eller nedprioritering, men skuldast òg tekniske endringar. Dette vil gå fram av omtalen nedanfor der det både er fokusert på budsjettvise endringar og større tekniske omleggingar av budsjettet.

Regjeringa foreslår ei samla løyving til Miljøverndepartementet på 2 785,2 mill. kr. Dette er ein nominell nedgang på 2,7% sammenligna med saldert budsjett for 2002. Nedgangen skyldes i hovudsak at løyvinga til miljøtiltak

på Kola vert redusert i samsvar med den avtalte utbetalingstakta for tilskottet i 2003. Det samla norske tilskottet vert ikkje endra som følge av denne reduksjonen. Beredskapsansvaret for akutt forureining er flytta frå Miljøverndepartementet til Fiskeridepartementet saman med løyvingane til dette formålet. Når ein justerer for desse endringane, er det likevel ei auke på Miljøverndepartementet sitt budsjett med 6,1 %.

Resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald Ikkje endre noe her foreløpig

Budsjettet på resultatområde 1 auker med om lag 9 % frå 2002 til 2003, og er på 579,6 mill kr. Årsaka til auken er Regjeringa si prioritering av vern. Det er lagt inn meir i løyving til barskogvern, fylkesvise verneplanar, vern av villaksen og fjellreven. I tillegg er tilsegnsfullmakta for nasjonalparkane auka med meir enn 100%. Dette gir grunnlag for fleire utvidingar og nyetableringar av nasjonalparkar.

Resultatområde 2 Friluftsliv Ikkje endre noe her foreløpig

Som en oppfølging av Stortingsmelding nr 39 (2000-2001) om Friluftsliv, foreslår Regjeringa ein auke i løyvingane til friluftsliv. Auken er på 9 % og gjeld hovudsakeleg ei styrking av arbeidet med tilrettelegging for allmenta i verna område, samt å sikre og vidareutvikle potensialet for friluftsliv i strandsona.

Resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø

Resultatområdet aukar med 10,2 % samanlikna med 2002-budsjettet. Dette skriv seg m.a. fra 6,5 mill kr i avkastning frå kulturminnefondet, men i tillegg er det føreslått ein auke for å følgje opp vedtaket om å verne områda rundt Yttersjø gard i Larvik kommune. I tillegg blir det foreslått auka løyving til stavkyrkjene, fartøyvernet og teknisk industrielle kulturminne. Innafor auken er det og lagt opp til å prioritere etablering av eit besøkssenter ved Borgund stavkyrkje og auka midler til restaureringsarbeider ved Stavanger domkyrkje.

Resultatområde 4 Overgjødsling, oljeforureining og akutte utslepp

Nedgangen på resultatområde 4 skuldast at hele oljevernberedskapen på kap 1443 er overført til Kystverket som ligg under Fiskeridepartementet. Ordninga med tilskot til kommunale avløpstiltak er og avvikla. Dei siste tilskotta blei utbetalte i 2002.

Resultatområde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar

Resultatområde 5 aukar med 15,9 %. Regjeringa intensiverer arbeidet med forureina sediment, og det er foreslått å auke løyvinga med 10 mill. kr for å trappe opp arbeidet med oppryddingstiltak og tiltaksretta undersøkingar. I tillegg føreslår Regjeringa ei auka bestillingsfullmakt på 20 mill. kr. på dette området. Deler av denne posten ble tidligare og nytta til andre oppryddingstiltak, mellom anna skipsvrak. I 2003 vil derimot heile posten bli nytta til forureina sediment. Ei anna satsing er arbeidet med elektronisk innmelding av informasjon til produktregisteret.

Resultatområde 6 Avfall og gjenvinning

Resultatområde aukar med 13,9 % samanlikna med 2002, i hovudsak fordi auka driftsstøtta til biloppsamlingsplassane aukar med 17,3 mill kr, og at det blir etablert ei ny tilskotsordning til produksjon av energi for avgiftspliktige avfallsforbrenningsanlegg og deponi. Det er foreslått 40 mill. kr. til dette tiltaket.

Resultatområde 7 Klimaendringar, luftforureining og støy

Nedgangen skuldast mellom anna at låneløyvinga til Statens miljøfond er føreslått redusert pga. endra prognosar for utbetalingane. Forsking og teknologiutvikling er eit spesielt viktig satsingsområde, og i budsjettet for 2003 forslår Regjeringa å styrke klimaforskinga med 4 mill. kr. der ein vil fokusere sterkare på effektar av klimaendringar i tillegg til å styrke den generelle klimaforskinga.

Resultatområde 8 Internasjonalt miljøvernsamarbeid, - bistand, nord- og polarområda

Årsaka til nedgangen på resultatområdet er at løyvinga til nikkelverka i Petsjenga på Kola er sett ned med omlag 60 mill kr, i samsvar med den avtalte utbetalingstakta for tilskottet i 2003. Det samla norske tilskottet vert ikkje påverka av denne reduksjonen.

Resultatområde 9 Regional planlegging

Resultatområdet viser ei auke på 6,1 % samanlikna med 2002-budsjettet. Auken er hovudsakeleg midlar til utvikling av eit system for elektronisk byggesaksbehandling og til prioritering av By- og tettstadsmeldinga.

Resultatområde 10 Kart og geodata

Resultatområdet viser ei auke på 3,3 % og er kun tekniske kompensasjonar som priskompensasjon og rammeoverførte løyvingar frå Arbeids og administrasjonsdepartementet til husleigekompensasjon.

Resultatområde 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver

Resultatområdet viser ein reduksjon på 1,7 %. Delvis fordi driftsutgiftene i miljøvernforvaltninga blir reduserte.

Resultatområde 1: Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald

Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar bevaring av biologisk mangfald gjennom berekraftig bruk, vern og restaurering. Hovudårsakene til tap av biologisk mangfald er knytte til arealbruk (fysiske inngrep og arealbruksendringar), forureining, overutnytting og spreiing av framande arter, under dette genmodifiserte organismar. Resultatområdet omfattar derfor òg arbeidet med å motverke negative miljøeffektar på det biologiske mangfaldet av desse påverknadene, med unntak av forureining som blir dekt av resultatområde 4-8. Bevaring av verdifulle geologiske førekomstar og ulike landskapskvalitetar inngår òg i resultatområdet. Forvaltning av landskap må

sjåast i samanheng med resultatområde 3. I tillegg dekkjer resultatområdet internasjonalt arbeid, m.a. oppfølging av konvensjonar og andre internasjonale prosessar og avtaler for å sikre berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Strategisk mål

Naturen skal forvaltast slik at arter som finst naturleg blir sikra i levedyktige bestandar, og slik at variasjonen av naturtypar og landskap blir halden oppe og gjer det mogleg å sikre at det biologiske mangfaldet får halde fram med å utvikle seg.

Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål og resultatindikatorar og statusbeskriving

Tabell 9.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald

Nasjonale resultatmål	Miljøvernforvaltninga sine arbeidsmål	Miljøvernforvaltninga sine resultatindikatorar
1. Eit representativt utval av norsk natur skal vernast for kommande generasjonar.	1.1. Gjennomføre fylkesvise verneplanar i løpet av år 2005.	- Talet gjennomførte fylkesvise verneplanar.
	1.3. Gjennomføre nasjonalparkplanen gjennom å opprette 36 nye og utvide 14 eksisterande verneområde innan 2010.	- Talet nye verneområde etablerte.
	1.3. Gjennomføre vern av marine område av nasjonal verdi i alle dei naturgeografiske regionane langs kysten.	- Talet marine område verna etter naturvernlova fordelt på naturgeografisk region. (ikkje operativ enno)
	1.4. Sikre at verneområde blir forvalta i tråd med verneføremålet.	- Prosentdel av verneområde der forvaltninga er i tråd med verneføremålet. (ikkje operativ enno)
2. I truga naturtypar skal ein unngå inngrep, og i omsynskrevjande naturtypar skal ein halde oppe viktige økologiske funksjonar.	2.1. Etablere eit nytt forvaltningssystem for biologisk mangfald i samarbeid med sektorane innan 2005~~7~~, jfr. St.meld. nr. 42 (2000-2001) "Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning."	- Etablert Nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald, under dette etablering av artsdatabank. - Lagt fram utgreiing om bruk av økonomiske verkemiddel.

		- Etablert ein interdepartemental informasjonsstrategi. - Initiert "Ope forskningsforum for biologisk mangfald". - Talet km^2 bortfall av areal i inngrepsfrie område, jfr. database inngrepsfrie område. - Tal inngrep/omdisponeringar i omsynskrevjande naturtypar.
	2.2 Samordne Noreg sitt arbeid med internasjonal gjennomføring av konvensjonen om biologisk mangfald.	- Kvalitativ vurdering av arbeidet.
	2.3 Sikre at Noreg følgjer opp sine nasjonale plikter under konvensjonen om biologisk mangfald, den europeiske landskapskonvensjonen og andre relevante avtalar.	- Kvalitativ vurdering av arbeidet.
	2.4 Avgrense motorferdsel i utmark og vassdrag med sikte på å minimalisere påverknaden på naturmiljø ved at ferdsla i større grad blir kanalisert til bestemte trasear og område.	- Talet på dispensasjonar som er gitt.
3. Forvalte kulturlandskapet slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar, biologisk mangfald og	3.1. I samarbeid med involverte partar leggje til rette for utvikling av føremålstenlege forvaltningsmåtar og	- Talet på og delen av areal av verdifulle kulturlandskap i "Nasjonal-registrering" som er i "god hevd"

tilgjenge blir haldne oppe.	verkemiddel for verdifulle kulturlandskap, og leggje til rette for at alle sektorar tek omsyn til kulturlandskapet i si verksemd.	(ikkje operativ enno).
4. Hausting og annan bruk av levande ressursar skal ikkje føre til at arter eller bestandar blir utrydda eller truga.	4.1. Sikre at forvaltninga av utnyttbare vilt- og fiskeressursar innan 2006 som hovudregel blir basert på driftsplanar utarbeide i samarbeid med rettighetshavarar, kommunar og brukarar.	- Talet på driftsplanar som er lagt til grunn for forvaltninga. - Talet på laksebestandar som er truga av overutnytting.
5. Menneskeskapt spreiing av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema, skal ikkje skade eller avgrense økosystema sin funksjon.	5.1. Førebyggje introduksjonar av miljøskadelege organismar, og førebyggje negative effektar av tilsikta og utilsikta introduksjonar. 5.2. Handtere reguleringa av utsetjing, under dette omsetnad av genmodifiserte organismar slik at det ikkje oppstår skade på helse og miljø.	- Talet på kjende innførsler som kan vere årsak til skade på miljøet. - Talet på økosystem som er signifikant endra i samansetjing og produktivitet som følgje av introduksjonar.
6. Halde oppe eller byggje opp att truga arter til livskraftige nivå.	6.1. Sikre levedyktige bestandar ~~i Noreg~~ av dei store rovdyra: 6.2. Sikre dei ville laksebestandane. 6.3. Bidra til å redusere	- Talet på familiegrupper av ulv. - Talet på reproduserande bjørnebinner. - Talet på ynglande jervetisper. - Talet på gaupeindivid. - Talet på truga og sårbare bestandar.

	presset på truga og sårbare arter gjennom samarbeid med andre involverte partar.	-Talet på raudlistearter knytte til: – elvedelta – skogsbiotopar – beite- og slåtteenger – villmarksprega område
7. Disponere dei jordressursane som har potensial for matproduksjon slik at ein tek omsyn til framtidige generasjonar sine behov.		

Statusbeskriving

Arbeidsmål 1. 1 Gjennomføre fylkesvise verneplanar i løpet av år 2005 i tråd med vedteken verneplan.

I 2002~~1~~ vart ~~108,7~~xxx,x km^2 verna. Det vart fatta vernevedtak for verneplan for ~~Maridalen, verneplan for Oslomarka del I og verneplan for myr Hedmark~~hvilke områder?.

I løpet av 2003~~2~~ er verneplan for ~~Oslomarka del II, kystverneplan for Nordland, revidert verneplan for Jærstrendene, verneplan for havstrand og elveos for Møre og Romsdal, og verneplan for Gjessåsjøen~~ hvilke? planlagt gjennomført.

I 2004~~3~~ er følgjande fylkesvise verneplanar planlagt gjennomførte: ~~verneplan kyst Troms, verneplan edellauvskog og verneplan for sjøfugl i Møre og Romsdal, verneplan for sjøfugl Nord-Trøndelag, verneplan for sjøfugl Sør-Trøndelag og verneplan for Nord-Talgje~~ hvilke?.

Arbeidsmål 1.2 Gjennomføre nasjonalparkplanen gjennom å opprette 36 nye og utvide 14 eksisterande verneområde innan 2010.

Per 01.05~~7~~.03~~2~~ er ?~~5~~ av dei om lag 50 verneframlegga i nasjonalparkplanen gjennomførte. I 2. halvår av 2003~~2~~ er følgjande område planlagt verna: ~~Nærøyfjorden og Skrim, utviding av Stabbursdalen, Øvre Pasvik, Femundsmarka og Gutulia nasjonalparkar, og Røstøyane, Helgelandsøyane og Svellingsflaket som del av kystverneplan Nordland~~ hvilke?. I 2004~~3~~ er det lagt opp til at følgjande område skal vernast: ~~Hartkjølen, Verdal/Snåsa/Lierne, utviding av Rondane og Børgefjell nasjonalparkar, Møysalen (Indrefjord/Øksfjord), Roltdalen og Frafjordheiane~~ hvilke?

Statens naturoppsyn (SNO) er no etablert i dei flestealle? store nasjonalparkane i Sør-Noreg. Det er lagt opp til å vurdere oppsynsbehovet i nye nasjonalparkar og store verneområde i samband med vernevedtaka, og nye SNO-stillingar kjem naturleg til vurdering i denne samanhengen. I nye Forollhogna nasjonalpark er det førebels ikkje etablert statleg naturoppsyn

Ny status?. Heller ikkje i den nye Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark er det førebels etablert eit tilfredsstillande statleg naturoppsyn Ny status?. Per. 0115.059.032 er det autorisert 9 ? nasjonalparksenter.

Arbeidsmål 1.3 Verne marine område av nasjonal verdi i alle dei naturgeografiske regionane langs kysten.

Arbeidet med ein marin verneplan vart sett i gang i 2001. Eit breitt samansett nasjonalt rådgjevande utval skal leggje fram tilrådinga si hausten 2002. Forslag til verneplan vert deretter utarbeida og blir sendt på høyring. Ny status?

Arbeidsmål 1.4 Sikre at verneområde blir forvalta i tråd med vernefo rmålet.

Resultatindikatorar for arbeidsmålet er ikkje utarbeidde enno Er de utarbeidet nå?. Område verna i medhald av naturvernlova skal forvaltast i tråd med verneformålet slik at verneverdiane blir haldne ved lag. Alle kommunar i landet har fått tilbod om å overta forvaltingsansvar for naturreservat, naturminne og landskapsvernområde. Direktoratet for naturforvaltning har i løpet av 2001 sendt ut konkrete tilbod om forvaltingsmynde til kommunar som har sagt seg interesserte i å overta dette. Pr. september 2002 har 59 kommunar svart positivt Ny status?. Ei rekkje av desse har teke ulike atterhald. Forvaltingsansvar vart delegert til ein kommune i Rogaland og fem kommunar i Sør-Trøndelag hausten 2001 Ny status?. Det er òg sendt ut tilbod om forvaltingsmynde til kommunar med tilknyting til Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark og Forollhogna nasjonalpark Ny status?.

Gammelt nytt?: Direktoratet for naturforvaltning sende ved årsskiftet 2001/2002 ut ei ny handbok til hjelp i forvaltinga m.a. når det gjeld lovgiving, fortolking av verneforskrifter, forvaltingsplanar m.m. Handboka er òg distribuert til aktuelle kommunar.

Statens naturoppsyn er i ferd med å etablere fleire stillingar i kystsona ny status?. Dette vil styrkje den praktiske oppfølginga av verneområde i kystsona i fleire fylke. Det er likevel behov for å styrkje innsatsen på dette området.

Arbeidsmål 2.1. Etablere eit nytt forvaltningssystem for biologisk mangfald i samarbeid med sektorane innan 20075 (foreslått endret til 2007 av MD i inspill til RNB 2003), jf. St.meld. nr. 42 (2001-2002) "Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning".

I St.meld. nr. 42 (2000-2001) "Biologisk mangfold" er det lagt opp til å etablere eit nytt kunnskapsbasert forvaltningssystem for biologisk mangfald. Systemet inneber ei statleg samordning av juridiske og økonomiske verkemiddel, der desse er retta mot dei viktigaste områda for biologisk mangfald.

Område med stor verdi for biologisk mangfald blir identifiserte gjennom arbeidet Nasjonalt program for kartlegging og overvåking, samt den øvrige løpende kartleggings og overvåkingsaktiviteten. med kartlegging, overvaking og artsdatabank.

Arbeidet med å etablere ein artsdatabank starta opp våren 2001 og er leia av Utdannings- og forskingsdepartementet. Eit utval med deltaking frå forsking, forvaltning og frivillige organisasjonar la i august 2001 fram "Rapport med forslag til etablering og drift av artsdatabank i Norge". Artsdatabanken blir etablert i 2003~~2~~. Ny status for artsdatabanken?

I løpet av 2003~~2~~ vil ca. ~~330~~ ??? kommunar vere i gang med å kartleggje dei viktigaste områda for biologisk mangfald i kommunane. Planen er at alle kommunar skal vere i gang med denne kartlegginga i 2003/2004. Hovuddelen av utgiftene blir dekte av kommunane, men det blir gitt eit eingongstilskot frå kap. 1410 post 60 Kommunal overvaking og kartlegging av biologisk mangfald. I ~~2002~~ 2003 er det venta at ca. ~~100~~ ??? kommunar vil ha ferdige datasett med biologisk mangfald. Desse vil inngå i fylksesvise og nasjonale fagsystem og blir offentleg tilgjengelege. Gjennom m.a. plan- og bygningslova vil utviklinga av det nye forvaltningssystemet leggje til rette for at kommunane blir sentrale i forvaltning av biologisk mangfald i Noreg.

Gjennom arbeidet med karakterisering av vassførekomstar i EU sitt rammedirektiv for vatn, vil ein få fram mykje god kunnskap om biologisk mangfald knytt til vatn. Dette arbeidet tok til i 2002. Ny status?

Har vi nyere tall?: Direktoratet for naturforvaltning si kartlegging av omfanget av inngrepsfrie område (der avstanden til tekniske inngrep er meir enn 1 km) og villmarksprega område (der avstanden til tekniske inngrep er meir enn 5 km), syner at frå 1988 til 1998 er utstrekninga av inngrepsfire område redusert med 3 % (4500 km^2) og dei villmarksprega redusert med 4 % (1600 km^2). Det er òg laga kart som viser utviklinga for villmarksprega område frå 1900 til 1998. Status for desse områda er føresett oppdatert i 2003. Denne kartlegginga utgjer no ein viktig del av grunnlaget for arealplanlegging og -disponering i delar av landet.

Direktoratet har òg oppretta ein database over elvedelta med areal på over 250 daa, i alt 282 delta. ~~43~~ ?? av desse er klassifiserte som "sterkt berørte". ??~~39~~ av desse ligg i Sør-Noreg.

Arbeidsmål 2.2. Samordne Noreg sitt arbeid med internasjonal gjennomføring av konvensjonen om biologisk mangfald.

Ny status:? Miljøverndepartementet samordnar arbeidet under konvensjonen om biologisk mangfald med relevante departement. I 2002, under det sjette partsmøtet i konvensjonen vart det vedteke ein strategisk plan for å styrkje arbeidet med å sikre det biologiske mangfaldet. Med Noreg som sterk pådrivar vart det òg vedteke retningslinjer for introduksjon av framande arter og for genressursar. Det er eit mål at konvensjonen skal ha ei leiarrolle innanfor biomangfald i internasjonale fora.

Cartagena-protokollen om genmodifiserte organismar (GMO) skal sikre at handel og bruk av levande GMO ikkje skader biologisk mangfald eller helse. Protokollen trer i kraft etter at 50 land har ratifisert den. Noreg ratifiserte protokollen som tredje land 10. mai 2001. I ~~september~~ mai 2003~~2~~ hadde ~~34~~ ?? land ratifisert avtala.

Noreg har medverka aktivt til ei operasjonalisering og vidareutvikling?? av FN-konvensjonen om biologisk mangfald. Eit prioritert tema har vore å

styrkje det vitskaplege fundamentet for konvensjonen, gjennom oppretting av eit vitenskapspanel for biologisk mangfald. Noreg har vore ein pådrivar?? for ei rekkje saker under konvensjonen, m.a. behovet for god samordning mellom relevante internasjonale fora og biokonvensjonen, forholdet mellom handel og miljø i arbeidet med biologisk mangfald (under dette arbeidet med introduserte arter og genmodifiserte organismar), naudsynt styrking av landa sin eigen kapasitet, og forholdet mellom klimakonvensjonen og biologisk mangfald er døme på dette arbeidet.

Arbeidsmål 2.3. Sikre at Noreg følgjer opp sine nasjonale plikter under konvensjonen om biologisk mangfald, den europeiske landskapskonvensjonen og andre relevante avtaler.

Ei rekkje av pliktene under biokonvensjonen, under dei kartlegging, overvaking, arealbruk, hausting av biologiske produkt, utvikling av naudsynte verkemiddel, genteknologi og spreiing av framande organismar, blir følgde opp løpande. Innsatsen vil bli ytterlegare styrkt ved betre samordning av tiltak, jf. St.meld. nr. 42 (2000-2001) "Biologisk mangfold. Samordning og sektoransvar", som vart behandla i Stortinget i 2002.

Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren er sekretariat for eit nordisk prosjekt for oppfølging av den europeiske landskapskonvensjonen. Parallelt med dette er det ein internasjonal innsats for å følgje opp denne på europeisk nivå og det vil vidare vere ein nasjonal innsats for oppfølging av konvensjonen.

Arbeidsmål 2.4. Avgrense motorferdsel i utmark og vassdrag med sikte på å minimalisere påverknaden på naturmiljø ved at ferdsla i større grad blir kanalisert til bestemte trasear og område.

Det totale talet på snøskuterar per 31.12.01~~0~~ var 50~~48~~ 500~~300~~. Per 31.12.02~~1~~ hadde talet stige? til ~~50 500~~???. Dette indikerer at omfanget av motorferdsel i utmark har auka?. Ved å kople kommunale planprosessar og planvedtak med lokal motorferdselpolitikk vil Regjeringa prøve om formålet med motorferdsellova kan bli betre oppfylt. Dette vil auke medvitet rundt dei verdiane som bruk av motorkøyretøy i utmark kan komme i konflikt med. Åtte kommunar deltek i ei treårig forsøksordning som skal gi grunnlag for betre styring av motorferdsel i utmark. 2003 ~~blir~~ er eit viktig år i dette prosjektet, ettersom alle kommunane har ferdigstilt sine planar. Norsk institutt for naturforsking (NINA) vil følgje gjennomføringa i dei enkelte kommunane med tanke på å bringe fram ei evaluering av prosessane og om målsetjingane blir oppfylte. Ny status?

Det er god grunn til å gi barmarkkøyringa større merksemd framover. Eit stadig større tal terrenggåande køyretøy blir registrerte, og det kan vere naudsynt å gjennomføre ein informasjonskampanje for å klargjere regelverket.

Det er behov for å styrkje kontrollen med ulovleg køyring, og spesielt er villmannskøyring med snøskuter prioritert. Statens naturoppsyn vil i samråd med politiet og andre oppsyn følgje opp dette.

Arbeidsmål 3. 1. I samarbeid med aktuelle partar leggje til rette for utvikling av føremålstenlege forvaltningsmåtar og verkemiddel for verdifulle kulturlandskap, og leggje til rette for at alle sektorar tek omsyn til kulturlandskapet i si verksemd.

Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren har i fellesskap utarbeidd ein strategi for arbeid med landskap, som vil vere med og danne grunnlag for innsatsen på dette feltet.

Gamle årstall - må oppdateres: Direktoratet for naturforvaltning har i 2000/2001 motteke rapportering frå dei fleste fylke om status for dei prioriterte områda i Nasjonal registrering (verdifulle kulturlandskap). På bakgrunn av denne rapporteringa har Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren utarbeidd ein rapport om vidare oppfølging av dei nasjonalt prioriterte kulturlandskapa. Det er m.a. behov for å auka kunnskapen om tilstanden til områda, å utføre supplerande registreringar, særleg på kulturminnesida, og å gå gjennom og revidere den nasjonale lista.

Dei nasjonalt prioriterte kulturlandskapa er m.a. eit viktig grunnlag for prioriteringa av landbruksforvaltninga sin verkemiddelbruk (STILK-midlar mfl).

Arbeidsmål 4.1. Sikre at forvaltninga av utnyttbare vilt- og fiskeressursar innan 2006 som hovudregel blir basert på driftsplanar utarbeidde i samarbeid mellom rettshavarar, kommunar og brukarar.

Den driftsplanbaserte forvaltinga av vilt- og fiskeressursane krev at rettshavarane er organiserte i høvelege einingar som kan ivareta interessene deira. Slike einingar må vere juridisk og økonomisk forpliktande slik at styresmaktene kan opptre formelt i høve til eit driftsplanområde. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på desse tilhøva og komme med innstilling i løpet av 2003. Status?

Det er no utarbeidd driftsplanar for ca. ~~60~~ ?? % av vassdraga med årleg fangst over 100 kg.

Reguleringar av laksefisket er i dag baserte på kunnskap om storleiken på bestandane, fagleg skjønn og erfaringar. Forslag til eit opplegg for innføring av eit kvoteregulert laksefiske i samsvar med St.meld. nr. 8 (1999-2000) vil bli ferdigstilt innan utgangen av 2005. Noe nytt for 2004?

Arbeidsmål 5.1. Førebyggje introduksjonar av miljøskadelege organismar, og førebyggje negative effektar av tilsikta og utilsikta introduksjonar.

Det er kjent at det per 01.05~~7~~.03~~2~~ minst er innført ~~12~~ ?? framande organismar som ein meiner kan ha vore årsak til skade på miljøet. Det er ein generell auke i talet på introduserte arter. Auka handel, transport, turisme og reising kombinert med nedbygging av grensekontroll, medverkar til fleire introduksjonar.

Regelverket dekkjer i dag import av planter og dyr, og produkt i seg sjølv. Lovgivinga er likevel oppstykkja og ikkje dekkjande for alle arter. Det regjeringsoppnemnde lovutvalet for biologisk mangfald vil i løpet av ~~2002 og~~ 2003 m.a. utgreie nytt regelverk basert på føre var-prinsippet. Introduserte arter kan ha effektar som grip over mange sektorar, og det vil

bli sett i verk eit auka samarbeid mellom sektorstyresmaktene for finne metodar for å handtere dette. I tillegg vil det bli lagt auka vekt på informasjon til allmenta om kva reglar som gjeld ved innførsel av dyr og planter til Noreg.

Det blir arbeidd med eit regelverk for å hindre spreiing av framande og skadelege arter via ballastvatn. Det blir teke sikte på høyring og vedtak av regelverket i 2003??.

Arbeidsmål 5. 2. Handtere reguleringa av utsetjing og omsetning, under dette omsetjing av genmodifiserte organismar, slik at det ikkje oppstår skade på helse og miljø.

Av ~~32~~ ?? omsøkte produkt i EU/EØS er ~~18~~ ?? godkjende i EU. Noreg har gjennom ei tilpassing i EØS-avtala høve til å seie nei til EU-godkjende GMO-produkt som ikkje tilfredsstiller krava i genteknologilova om helse, miljø, berekraft, samfunnsnytte og etikk. Noreg har følgjeleg sagt nei til ~~8~~ ? produkt. Desse er mais, oljeraps (3 typar) og sikorisalat, to vaksinar mot respektive rabies og pseudorabies, og ein mjølketest andre?. Plantene og mjølketesten er forbodne fordi dei inneheld genar som kan gi resistens mot antibiotika. Ein tobakk og tre typar nellik er tillatne omsett i Noreg, men er lite aktuelle å dyrke. I andre saker ventar ein på fleire opplysningar før behandling. Det er per mai~~august~~ 2003~~2~~ ikkje innført genmodifiserte organismar (GMO) som kan medføre endringar i norske økosystem??.

Globalt er Cartagena-protokollen om genmodifiserte organismar viktig for å sikre at handel med og bruk av levande GMO ikkje skader biologisk mangfald eller helse. Protokollen vil venteleg tre i kraft internasjonalt neste år ny status?.

Arbeidsmål 6.1. Sikre levedyktige bestandar av dei store rovdyra.

Registreringar vinteren 2003~~2~~ (mars-april) viser at det er ~~9~~?-~~10~~ ? familiegrupper (flokkar) av ulv i Sør-Skandinavia. I tillegg er det registrert ?~~5~~-?~~6~~ revirmarkerande par. Av familiegruppene er ~~ei~~ ? registrert i Noreg, ~~fem~~ ? i Sverige, og ~~tre~~ ? på tvers av riksgrensa. Av registrerte par er ~~3~~ ? i Sverige, ~~2~~ ? i Noreg og ~~1~~ ? på tvers av riksgrensa. Bestandsovervaking av ulv skjer i nært samarbeid mellom svenske og norske forskingsmiljø innanfor forskingsprogrammet Skandulv.

Estimatet på talet bjørnar i Noreg er på ~~35~~??-~~55~~ ?? individ. Registreringar tyder på ein viss vekst i bestanden. Reproduktive binner er påviste i Finnmark (Sør-Varanger), Nord-Trøndelag (Lierne) og Hedmark (Trysil). Eit nytt bestandsestimat vil liggje føre våren 2003 Foreligger den nå?.

Førebels status for yngling hos jerv viser at det per 1. juni ~~2002~~ 2003 er ~~18~~ ?? trulege eller dokumentere ynglingar i Nord-Noreg og ~~5~~ ? i Sør-Noreg. På grunn av dei særskilde vêrtilhøva våren 2002 med tidlig snøsmelting, er desse minimumstala rekna som særs usikre dette året?. For ~~2001~~ 2002 vart det registrert ~~12~~ ?? ynglingar i Sør-Noreg og ~~29~~ ?? ynglingar frå og med Nord-Trøndelag og nordover. For gaupe ligg inga nyare landsdekkjande oversikt føre, men ein reknar med ein viss reduksjon i bestanden til om lag ~~500~~ ??? individ.

Bestanden av gaupe på landsbasis og bestanden av jerv frå Nord-Trøndelag og nordover og i Sør-Noreg er vurdert som levedyktig? på det bestandsnivået som er i dag.

Den skandinaviske bestanden av ulv har nådd det minimumsnivået? som vart sett av Stortinget i samband med behandlinga av St.meld. nr 35 (1996-97). Bestanden på norsk side er på eit lågt? nivå. Nærare analysar av dette vil bli lagde fram i slutten av 2002 hva sa analysene?. Bestandsmåla for bjørn i kjerneområda som omfattar den skandinaviske bjørnebestanden (dvs. utanfor Finnmark) er ikkje? oppfylte.

Arbeidet med bestandsovervaking held fram og er eit viktig verktøy for forvaltningstiltak.

Gjennom Statens naturoppsyn si nye rolle innan m.a.. skadedokumentasjon og bestandsregistrering, er det samtidig etablert eit grunnlag for å førebyggje ulovleg jakt eller annan miljøkriminalitet knytt til dei store rovdyra.

Arbeidsmål 6.2. Sikre dei ville laksebestandane.

Ny status:? Laksefisket dei siste to åra har totalt sett vore betre enn på mange år som følgje av ein kombinasjon av betre temperaturforhold i havet og spesielt gode føresetnader for oppvandring i elvane i fiskesesongen. Det er i all hovudsak dei bestandane som har vore i rimeleg god forfatning også i dei seinare åra som har gitt grunnlag for auka fangst. Omlag ein tredel av bestandane er framleis truga eller sårbare.

Arbeidet med å sikre dei ville laksebestandane vil bli styrkt. Forslag til nasjonale laksevassdrag og laksefjordar vart lagt fram for Stortinget juni 2002. Forslaget vil vere? eit viktig ledd i arbeidet med å sikre villaksen. I tillegg vil kampen mot *G. salaris* bli prioritert.

Statens naturoppsyn er i ferd med å styrkje lakseoppsynet gjennom organisatoriske endringar og etablering av fleire stillingar i kystsona. Gjennom samarbeid og samordning med politiet, Kystvakta og andre aktørar vil utviklingstrekk i viktige lakseområde bli fanga betre opp, og kontrollen med ulovleg fiske bli styrkt.

Arbeidsmål 6.3. I samarbeid med aktuelle partar redusere talet på truga og sårbare arter.

I den nasjonale raudlista blir det ført oversikt over arter som er truga av utrydding, arter som er sårbare eller som krev omsyn og arter som er i ein slik situasjon at dei bør overvakast. Raudlista blir ikkje oppdatert årleg. Siste oppdatering vart gjort i ~~1998~~??.

I lista for ??~~1998~~ var ~~292~~ ??? arter i Noreg plasserte i kategorien direkte truga, og ~~572~~ ??? som sårbare. Vidare var ~~886~~ ??? arter plasserte i kategorien omsynskrevjande, dvs. arter som på grunn av tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

???~~451~~ arter var i ~~1998~~ ??? plasserte i kategorien "bør overvakast". Desse artene er i tilbakegang, men er ikkje rekna som truga. Kategorien er noko "usikker" då det ikkje dreier seg om truga arter, men arter som f.eks. er på grensa av sitt utbreiingsområde.

Status for fjellrev oppdateres: Bestandssituasjonen for fjellrev i Noreg er svært alvorleg. I Noreg (utanom Svalbard) er det færre enn 50 vaksne fjellrevar att, og arta er klassifisert som "direkte truga" på raudlista. Ved behandlinga av budsjettet for 2002, jf. B.Innst.S.nr.9 (2001-2002), viste stortingskomiteen til tidlegare merknader for å hindre at fjellreven blir borte. Fleirtalet i komiteen presiserte at bevaring av fjellreven er eit prioritert område i 2002. For å hindre at fjellreven blir borte frå den norske fjellnaturen, er det sett i gang tiltak for å styrkje bestanden. Det høgast prioriterte tiltaket er innfanging og avl av fjellrevkvelpar for seinare utsetjing. Direktoratet for naturforvaltning har etablert eit avlsprosjekt. I 2001 vart seks kvelpar fanga inn til avlsføremål. Aktiviteten i 2002 er fangst av kvelpar og røkt av innfanga dyr. Det er fanga inn tre kvelpar i 2002. Overvaking av arta kjem i tillegg.

Hos fjellrev er det nøye samanheng mellom smågnagarår og reproduksjon. I 2001 var det ein "topp" i lemenbestanden, og det vart påvist 15 fjellrevynglingar. I 2002 er det påvist 8 små kull, av dei 5 i Finnmark. 2003?

Miljøverndepartementet har sett inn ekstra innsats i 2003?~~2~~ i arbeidet med å ta vare på fjellreven. Det blir lagt vinn på å samarbeide med dei frivillige organisasjonane. Det vidare arbeidet med fjellreven vil skje med utgangspunkt i ein handlingsplan som er utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning i 2002.

Gjennom den gradvise utbygginga av Statens naturoppsyn er kontrollen med ulovleg jakt på sårbare og truga arter blitt stadig betre.

Det nasjonale programmet for kartlegging, overvaking og etablering av artsdatabank er hovudtiltak i St.meld. nr. 42 (2000-2001) "Biologisk mangfold". Eit slikt system vil betre leggje til rette for at artsmangfald og viktige naturtypar blir tekne vare på, under dette raudlisteartene og levestadane deira. Truga og omsynskrevjande arter og naturtypar skal bli kartlagde og kunnskapen gjort tilgjengeleg for forvaltningsstyresmaktene på alle nivå. Dette systemet er ein parallell til Natura 2000-programet i EU som skal ta vare på levestadane for tilsvarande arter etter dei såkalla habitat- og fugledirektiva. System i Noreg tek i tillegg sikte på å samordne dei økonomiske og juridiske verkemidla slik at alle sektorar og styresmakter må ta ansvaret på sine område.

Verkemiddel

Resultatområdet er planlagt finansiert med totalt ~~579,6~~oppdateres til slutt i bud-prosessen mill. kr. Finansieringa er i hovudsak dekt av budsjettramma for Direktoratet for naturforvaltning, jf. kap. 1427, og fagkapitla 1425 og 1426, men òg kapitla 1400, 1410, 1429 og 1441 inneheld budsjettmidlar som medverkar til finansieringa av resultatområdet i år 2003. Fylkesmannen har òg ansvar for store oppgåver under resultatområde 1. Ein viser til nærare omtale av desse under resultatområde 11. Midlar til lønn og drift for desse oppgåvene er budsjetterte på kap. 1510 Fylkesmannsembeta, under Arbeids- og administrasjonsdepartementet sitt budsjett.

Naturvernlova, viltlova, laks- og innlandsfisklova, genteknologilova og plan- og bygningslova er dei viktigaste juridiske verkemidla for

miljøvernforvaltningen innan resultatområdet. Friluftslova har innverknad på arealforvaltning og naturbruk. Vernearbeidet etter naturvernlova skjer i det alt vesentlege gjennom tematiske fylkesvise verneplanar, nasjonalparkplanen, marin verneplan og framtidige verneplanar for utvida skogvern. Område med særleg store natur- og kulturverdiar kan òg fredast etter kulturminnelova, eventuelt i kombinasjon med naturvernlova og plan- og bygningslova. Lov om statleg naturoppsyn har som mål å ivareta nasjonale miljøverdiar og førebyggje miljøkriminalitet. Lova har lagt grunnlaget for etablering av Statens naturoppsyn (SNO). SNO skal utviklast vidare, med spesiell prioritet på etableringar i kystsona og i samband med etablering av nye store verneområde.

Motorisert ferdsel i utmark og vassdrag er regulert av motorferdsellova og nasjonal forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark.

Framstilling og bruk av genmodifiserte organismar (GMO) er regulert i genteknologilova i samsvar med prinsippet om berekraftig utvikling. Forvaltninga i Miljøverndepartementet skjer i samråd med andre aktuelle departement. Fagleg koordinering av nye søknader frå EU om omsetning av GMO er lagt til Direktoratet for naturforvaltning. FN-konvensjonen om biologisk mangfald har som hovudmålsetjingar vern av biologisk mangfald, berekraftig bruk av biologiske ressursar og likeverdig fordeling av fordelane med utnytting av genetiske ressursar. Partslanda har m.a. forplikta seg til å utarbeide nasjonale strategiar og handlingsplanar for vern og berekraftig bruk av biologisk mangfald, og å integrere bevaring og berekraftig bruk av biologisk mangfald i relevante sektorielle eller tverrsektorielle planar, program og politikk. Trondheimkonferansen om biologisk mangfald som Noreg har arrangert i samarbeid med fleire internasjonale organisasjonar, medverkar til ei strategisk og fagleg utvikling av konvensjonen om biologisk mangfald. Noreg skal saman med FN invitere til ein ny Trondheimskonferanse om biologisk mangfald i 2003. Konferansen vil drøfte saker knytte til overføring av teknologi og kompetanse.

Som ei oppfølging av plikta til å utvikle ein nasjonal handlingsplan for konvensjonen, vart St.meld. nr. 42 (2000-2001) "Biologisk mangfald. Sektoransvar og samordning." lagt fram våren 2001. I meldinga føreset?? Regjeringa at det blir etablert eit nytt forvaltningssystem for biologisk mangfald. Regjeringa vil særleg prioritere desse innsatsområda for åra 2001-2005: Etableringa av eit nasjonalt program for kartlegging og overvaking (under dette etablering av ein artsdatabank), samordning av juridiske og økonomiske verkemiddel og informasjon, forsking og kompetanse. Miljøverndepartementet leier arbeidet med det nasjonale programmet som blir starta i 2003. Ny status?

Når det gjelder juridiske verkemiddel er eit lovutval nedsett for å vurdere lovverk om biologisk mangfald og relevant sektorlovgiving (Biomangfaldlovutvalet). Utvalet vil òg vurdere erstatninga for vern etter naturvernlova. Når det gjeld økonomiske verkemiddel vil det bli sett i verk ei utgreiing der det ein vil vurdere endringar i eksisterande og behov for nye økonomiske ordningar som kan rettast inn mot område med stor verdi for biologisk mangfald.

Noreg vil medverke aktivt til ei vidareutvikling og operasjonalisering av konvensjonen m.a. gjennom å følgje opp vedtak innanfor forskjellige sektorar og tema: skog, jordbruk, ferskvatn, tørre område og marine system, GMO, urbefolkning, genressursar og introduksjon av framande arter. Internasjonalt samarbeid om berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald finn òg stad gjennom ei rekkje andre internasjonale og regionale konvensjonar, avtaler og organisasjonar, under dette Ramsarkonvensjonen om våtmarker, Washingtonkonvensjonen om internasjonal handel med truga plante- og dyrearter (CITES), Bonnkonvensjonen om trekkjande arter (CMS), Bernkonvensjonen om bevaring av europeiske ville arter og deira levestader, Oslo-Pariskonvensjonen (OSPAR), Nordsjøkonferansen, Konvensjonen om bevaring av atlantisk laks (NASCO), miljøvernsamarbeidet under Nordisk ministerråd og under Arktisk Råd, FN sitt miljøprogram (UNEP), OECD og Verdas naturvernunion (IUCN). Noreg ønskjer å medverke til ei styrking av det internasjonale miljøvernarbeidet m.a. ved å arbeide for auka effektivisering og styrkt samhandling mellom ulike avtaleverk. Dette gjeld både innanfor gruppa av avtaler som gjeld naturforvalting og biologisk mangfald, og i høve til internasjonal sektorintegrering.

Berekraftig bruk og vern av skog, inkludert genetiske ressursar, blir følgt opp gjennom deltaking i FN sitt skogforum (UNFF), og gjennom arbeidsprogrammet for biologisk mangfald i skog under konvensjonen om biologisk mangfald, og i andre forum. Vidare blir arbeidet med plantegenetiske ressursar for mat og landbruk, som er viktig både for miljø og matvareforsyning og tryggleik, følgt opp gjennom deltaking i gruppa for plantegenetiske ressursar i FN-organisasjonen for ernæring og landbruk (FAO).

Ny status for følgende tre avsnitt?: Verneplan for barskog vart vedteken av Stortinget i 1996. For å fullføre denne verneplanen står att vernevedtak for delplan Aust-Noreg fase II som er planlagt hausten 2002, og vern av inntil 30 km^2 produktiv barskog som skal inngå i kvoten ved utviding av Øvre Pasvik nasjonalpark.

I samband med revidert nasjonalbudsjett 2002 vart det løyvd 25 mill. kr til utvida vern av skog. I tillegg har Landbruksdepartementet stilt 10 mill. kr til disposisjon for formålet frå kapital i Jordfondet, slik at ramma for vern av skog er auka med til saman 35 mill. kr. Dette inneber at ein allereie i 2002, ved ferdigstillinga av delplanen for Aust-Norge fase II, kan verne fleire viktige områder som elles ville ha blitt tekne ut av planen i sluttfasen. Ein vil med dette kunne verne større areal enn det noverande målet på 415 km^2 tilseier. Ytterligare disponering av midlar i Jordfondet for å styrkje skogvernet vil bli vurdert. Regjeringa tek sikte på at om lag halvparten av Jordfondet sin kapital på sikt skal vere tilgjengeleg for skogvern.

Verneomfanget i Noreg på ca 1 % av produktiv skogareal er internasjonalt sett relativt lite, noko som blir sett som eit problem m.a. for å sikre framtidig eksport av norske trebaserte produkt til miljømedvitne marknader. Sverige og Finland har til dømes verna ca 4 % og ca 5 %, og arbeider for å auke skogvernet ytterligare. Forskningsinstitutta NINA og Skogforsk har utført ei evaluering av skogvernet i Noreg. Evalueringsrapporten anbefaler ei

vesentleg styrking av skogvernet frå det vedtekne vernet på ca. 1 % (ca 750 km^2) til ca 4,6 % (3360 km^2), og peikar på konkrete skogtypar som bør prioriterast. På grunnlag av resultata frå evalueringa, og Stortinget si ~~behandling~~ handsaming av St.meld. nr. 42 (2000-2001) "Biologisk mangfold", vil det bli utarbeidd ein strategi for framtidig vern av skog i samarbeid med aktuelle partar.

Omlegginga av Samla plan for vassdrag til eit meir effektivt og vassdragsbasert styringsverktøy, under dette å byggje opp ein database som gir vassdragsvis verdi- og ressursoversikt, vil bli samordna med suppleringa av Verneplan for vassdrag. Andre pulje med nasjonale laksevassdrag vil bli avklart i samband med dette arbeidet.

EU sitt rammedirektiv for vatn, som nylig vart vedteken, vil bli eit viktig verkemiddel for å ta vare på og betre den økologiske tilstanden i vassførekomstane. Noreg har, som EU-landa, frist til 2015 med å tilfredsstille krava til økologisk tilstand.

Rammedirektivet vil muliggjere ei meir heilskapleg og effektiv forvaltning av vassdrag, kystområde og grunnvatn, og vil vere eit viktig instrument for å ta vare på biologisk mangfald som er knytt til vatn. Arbeidet med gjennomføringa av direktivet føreset frå 2003 eit omfattande arbeid med m.a. karakterisering og overvaking, jf. òg omtale under resultatområde 4.

Noreg har gitt si tilslutning til ein europeisk strategi for vern av naturen i regi av Europarådet. Bernkonvensjonen, som Noreg har ratifisert, er gitt i oppdrag å leie implementeringa av denne strategien. Dette skjer m.a. gjennom vedtak i 1998 om etablering av eit europeisk nettverk av verneområde (Emerald network) bygd over same lest som habitatdirektivet til EU. Norske verneområde og vern av visse arter vil i stor grad medverke til at Noreg har løyst oppgåvene som følgjer av dette vedtaket i Bernkonvensjonen, men det har så langt ikkje vore gjort noko større og systematisk arbeid med dette.

Noreg har løyst oppgåvene som følgjer av dette vedtaket i Bernkonvensjonen, men det har så langt ikkje vore gjort noko større og systematisk arbeid med dette.

Ny status: ? Når det gjeld dei store rovdyra blir det lagt vekt på å gjennomføre ei balansert og differensiert forvaltning. SNO har frå 2002 overteke ansvaret for all skadedokumentasjon i heile landet. I tillegg disponerer ein midlar til førebyggjande tiltak og omstillingstiltak for å avgrense rovviltskadar, og til bestandsovervaking av dei fire store rovdyrartene. I løpet av hausten blir det lagt fram ei eiga stortingsmelding om bevaring av rovdyr i norsk natur. Her vil utviklinga i rovdyrbestandane og erfaringar med verkemiddelbruk etter førre stortingsmelding bli evaluerte. Meldinga vil komme med tilrådingar til målsetjingar innanfor forvaltningsområdet.

Miljødata, geografiske data og kunnskap om biologisk mangfald skal gjerast tilgjengelege for avgjerdstakarar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Ei effektiv geodataforvaltning og lett tilgjengelege kartdata for område av verdi for biologisk mangfald, friluftsliv og vilt- og fiskeressursar vil gi monaleg

samfunnsgevinst gjennom kvalitativt betre og kostnadsreduserande arealplanprosessar.

Miljøverndepartementet prioriterer forvaltningsrelatert FoU på omsynskrevjande arter og leveområde, og kunnskapsoppbygging som grunnlag for overvaking. Forsking på effektar av menneskeleg verksemd står sentralt. Utviklinga innan genteknologi går raskt, og forsking på miljøverknader i samband med dette skal prioriterast. Det blir arbeidd for at forskinga sine resultat skal bli lettare tilgjengelege for allmenta og avgjerdstakarane. Departementet ønskjer òg i større grad å bruke informasjon/kommunikasjon og folkeleg deltaking som eit strategisk verkemiddel for å nå måla i resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Skal dette være med, jf. statsrådens signaler mht. planlegging og jordvern?:
Det er eit mål å fremje ein by- og tettstadsutvikling som kan redusere presset på jordressursane og det biologiske mangfaldet. Miljøverndepartementet har som overordna mynde etter plan- og bygningsloven ansvar for planlovgivinga og for å fastsette nasjonale mål og prinsipp for miljøvennlig by- og tettstadsutvikling, mellom anne gjennom stortingsmeldingar og rikspolitiske retningslinjer. Dette skjer i samråd med andre departement.